



Dagleg leiar Even Stensletten i det nye flyttbare kontoret.

**Byggmester Stensletten er eit relativt nytt bygningsfirma. Mannen bak firmaet er Uskedalsguten Even Stensletten som no er busett på Valen. For oss som tenkjer på 29-åringen som liten, trivleg og høfleg gut i nabolaget for få år sidan, er det ekstra kjekt å verta minna om kva unguten har fått til, kvar gong vi møter ein bil med logoen til Byggmester Stensletten.**

Even Stensletten sin yrkesveg starta då han byrja på bygglinja ved Kvinnherad vidaregåande skule. Derifrå gjekk ferda vidare til Bergens tekniske fagskule og to års studie der.

I august 2009 starta han eige firma, eit enkeltpersonsføretak. Dette utvikla seg vidare til noverande firma Byggmester Stensletten AS som vart skipa i 2013, og etter kvart kom også onkelen Sindre Stensletten inn på eigarsida.

I dag sysselset firmaet 8 tilsette og 2 innleigde tømrrarar i tillegg til den daglege leiaren sjølv. 8 av dei er rekruttert frå Kvinnherad medan 2 av dei er opprinneleg frå Litauen, men var busett her i kommunen før dei byrja i firmaet. Ein av dei tilsette er lærling.



[Byggmester Stensletten i arbeid med skifting av tak på Husnes](#)

Stensletten fortel at dei foreløpig har hatt alt arbeidet sitt her kommunen. Det håpar han også skal halde fram, og han legg til at det ser bra ut framover. Dei har hatt ein stor jobb for Lonabråtet Borettslag. Denne jobben har pågått i om lag eit år, og dei har rehabilitert 36 leiligheter. No er dei ferdige med denne kontrakten, men dei er i gang med ein ny jobb som består i skifting av tak på 3 leiligheter i same borettslag.

Då vi møtte den daglege leiaren, var arbeidsstokken spreidd rundt på ulike oppdrag. Tre var på nemnde takjobb, to var på arbeid med kai i Uskedalen, ein var på småreperasjonar, to var på Sunde på oppdrag som var forårsaka av stormen Nina. Sistemann, Are Bjørnebøle, var travelt opptatt på snikkarverkstaden i Bogsnes. Jammen har unguten Even litt å administrere!



[På snikkarverkstaden styrer Are Bjørnebøle som her er saman med den daglege leiaren.](#)

Verkstaden i Bogsnes er verd litt ekstra spalteplass. Den starta dei opp rett etter jul, og der er det Are Bjørnebøle som regjerer. Der vert det stadig tenkt ut og produsert nye og kreative løysingar.- Vi har som mål å lansera noko nytt kvar fredag, kan den daglege leiaren optimistisk fortelja.

Til no er Kvinnheradsstovo lansert. Det er ei utestova på omlag 15 kvadratmeter som kan vinterisolerast om ein ønskjer det. I tillegg vert også boder og spikartelt produsert i verkstaden på Bogsnes.



[Dei håpar på god interesse for denne pergolaen.](#)

Kreative Are Bjørnebøle viser oss ein pergola med terrasse som vert lansert i desse dagar. Det er den første som dei har produsert, og den har alt fått sin eigar. Han fortel også at dei har eit girlander-system. Dette gjer det til dømes lett når terrasserekkverket skal målast. Då kan det nemleg takast ut.

Bjørnebøle sine kreative evner har også verka inn på sjefen sin arbeidssituasjon. Han har nemleg utvikla eit flyttbart kontor. Byggmester Stensletten håpar at deira kontor ikkje skal flyttast ut av Kvinnherad, for dei både håpar og trur det skal verta godt med oppdrag her framover. Kontoret er no plassert i Bogesnes. Andre kan derimot få stor glede av eit kontor som dei kan flytta med seg der oppdraga dukkar opp. Det vert spennande å følgja det ferske firmaet framover. Både Even Stensletten og Are Bjørnebøle viser stor optimisme og entusiasme.





Det er travle dager på det flyttbare kontoret

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.